

Elfap med fengande flott irsk folkemusikk

Elfap med fengande flott irsk folkemusikk

Under den offisielle opninga av nybygga på Borgund vgs 11. desember, vart publikum riven med i fengande, flott irsk musikk.

På scena stod fire elevar frå vår skole, ein frå Fagerlia vgs og ein går ungdomsskulen. Gruppa kallar seg Elfap, som er etter inspirasjon av personlege interesser og alvar.

Både «The fishermans blues» og ikkje minst «Ratting bog», som siste nummer, gjorde at publikum dvs inviterte gjester, alle elevane og tilsette vart imponert over desse ungdommane. Dei hadde ei fantastisk speglede og god driv over musikken som appellerte til publikum.

- Det er irsk folkemusikk og eigentleg pubsangar vi har på reportuaret, seier Kent Are Torvik og Ole Ander Nogva, begge elevar på TIP. Vi starta for eitt år sidan, har hatt 10-15 opptreden og har nye spelejobbar i sikte, men vi har aldri spelt for eit så stort publikum som i Borgundhallen.

Elfap gjekk i år vidare på Ungdommens kulturmonstring og vann publikumsprisen under UKM i Valldal og har stor suksess allereide etter kort tid.

- Det viktigaste er at vi har det gøy i lag, og det blir ein liten slant også, seier dei.

(Tekst og foto: Atle G. Eliassen)



2009.12.15 15:35

Nei